

JO NESBØ

Gunnar Staalesen

Rune Timberlid

Kai Martin Brekke

Erling Gjelsvik

Jørgen Gunnerud

H E i L t og ove

K r i m i

N e L T .

Sunnfjordske
krimdagar

2.-5. oktober
2008

HEILT KRIMINELT

Sunnfjordske krimdagar

Krimdagane i Førde er i ferd med å verte den tradisjonen vi håpa på, og vi gler oss til å presentere årets program. Vi er stolte av å kunne by på både nasjonale og lokale krimheltar og eit variert program elles, i ei form vi har funne oss til rette med, noko vi trur publikum også har gjort.

Mord og middag vart ein suksess i fjor og det var fascinerande å sjå korleis publikum tødde opp, frå å vere usikre i starten til å bli heilt med og nærast i ekstase på slutten. Det er eit nytt plott i år, men råma er den same som i fjor. Velkomst og gourmetmiddag kosteleg innpakka i ei teateroppleving. Vi er alltid på leit etter nye opplevingar, og vi har eit par nye på lur i ermet i år også. I Bokbakkelp får skuleborna vere med på ulike aktivitetar knytta til bøker.

Dei som les mykje går gjerne med ei lyst til å lære å skrive sjølv. Tenk kor heldige vi er som får besøk av tyske Sonja som har gjort florøværing av seg. Ho har sjølv skrive og produsert krimstykke for tysk tv! Ho vil i løpet av torsdagen prøve å lære oss knep som forfattarane brukar når dei skriv. Kanskje vi får presentere ein debutant til neste år?



Du sit no med programmet vårt i handa og vi berre seier – vel og vrak. Eller vil du få med deg alt? Då får du kanskje eit problem, men vi skal klare å halde deg sysselsett nokre timar første veka i oktober. Og, du kan gjere bokkjøp så det held gjennom heile vinteren – med signatur frå forfattaren sjølv!

HA GODE KRIMDAGAR!

JUDITH HEGENES
initiativtakar

TORS DAG 2. OKTOBER

10.00-14.00 Workshop – lær å skriv ei krimhistorie

Quality Hotel Førde. Billett kr 400,-

Har du lyst å lære å skrive krim? Sonja Søtje-Andresen vil snakke om korleis ein kjem i gong med ein krimroman. Ho vil ta opp plots, karakterar, skil-dringar, dialogar og spenning. Det vil bli høve til å samanlikne og utvikle, og ikkje minst får du prøve å skrive litt sjølv. Boka *Frelseren* av Jo Nesbø står sentralt, og vi tilrår å lese boka på førehand. Sonja Søtje-Andresen var tidlegare tv-redaktør, og har jobba som hovudforfattar for krim på tysk tv. Ho har gitt ut over 400 episodar.

19.00 Opningskveld med Jo Nesbø og Gunnar Staalsen

Quality Hotel Førde. Billett kr 195,-

I eit stemningsfullt lokale vil Gunnar Staalesen opne årets krimdagar. Vi får møte Jo Nesbø som har oppnådd ein eventyrlig suksess med sine internasjonalt anerkjende kriminalromanar med førstebetjent Harry Hole i hovudrolla. Bøkene er omsett til 30 språk, tildelt ei rekkje prisar og er selde i store opplag. Vi får vite meir om hans siste bok *Hodejegere*. Det blir konsert med duoen Jo Nesbø og Ola Kvernberg. Gunnar Staalesen skal saman med Augon Johnsen opne ei utstilling som viser grafikk med frie tolkingar frå dei 15 bøkene Johnsen har illustrert for Staalesen. Opninga er leia av Anne-Mette Hjelte.



SONJA SØTJE-ANDRESEN.

Foto: Lars Andresen



JO NESBØ.

Foto: Stian Andersen



FREDAG 3. OKTOBER

10.00-14.00 Bokbakkeløp

Angedalen skule. Lukka arrangement.

Skuleborna får møte Gunnar Staalesen som mellom anna har skrivne bøkene om *Vikingskattens hemmelighet*. Det blir natursti om bok og litteratur, kringgåter, framføring av bornas eigen litteratur og ulike aktivitetar. I tillegg blir det besøk i gamlestova på Brunene der "bestemor" fortel frå sine skuledagar og om livet i den gamle stova.

20.00-24.00 Krimnatt i Angedalen

Kr 250,-. Møt opp ved den gamle skulen på Angedal eller ta gratis veteranbuss frå Quality Hotel Førde kl. 19.40. Vi går i fakkeltog til Hegrenes bruk. Kveldens suppe kan kjøpast på staden. Øl- og vinservering.

Krimnatt i Angedalen er blitt ein tradisjon, og er eit av dei mest populære arrangementa under krimdagane. Vi møter Jørgen Gunnerud som i 2007 fekk Rivertonprisen for beste norske krimroman med boka *Høstjakt*.

Ensemble Fanfaronner framfører *Ugler i mosen – opera på åstaden*. I denne blodferske framsyninga finn vi mellom anna drap, truslar, sopranar, hemn, spor, sjalusi, kjeltringar og klaverspelarar. Fanfaronene tar saka og byr på kriminelt flotte ariar og duettar i ei uhøgtidleg atmosfære. Med Charlotte Lund Sager (sopran), Ingvild Storhaug (mezzosopran) og Marita Vårdal Igelkjøn (klaver).

Avgrensa tal plassar. Vi tilrår å kjøpe billett i god tid.



GUNNAR STAAESEN.
Foto: Trygve Schönfelder



AUGON JOHNSEN.



JØRGEN GUNNERUD.
Foto: Torunn N. Momtazi



UGLER I MOSEN
– Opera på åstaden



ERLING GJELSVIK.

Foto: Bergensavisen

LAURDAG 4. OKTOBER

12.00-15.00 Bokkafé med lokale krimheltar
Quality Hotel Førde. Billett kr 95,-

Vi møter våre lokale forfattarar Rune Timberlid som skal presentere si nye kritikkarroste bok *Operasjon Siskin*, og Kai Martin Brekke skal snakke om si nye bok *Dødeleg Arv*.


Gjest Baardsen er tema for årets bokkafé. Erling Gjelsvik skal halde kåseri og Kammerskoret skal synge og lage show kring Baardsen. Koret består av Jens Brekke, Agnes Fosse Refsdal, Gunn Karin Aase og Ottar Wiik. Boksal og signering. Leia av Anne-Mette Hjellev.

11.00-15.00 Familiedag i Førdehuset

11.00-15.00 Førde Bibliotek arrangerer *På forbytarjakt i bokhyllene*
Ver med på konkurranse for born i alle aldrar under krimdagane.
Bokpremiar. Du kan gå på forbytarjakt i biblioteket heile krimveka.



RUNE TIMBERLID.



12.00-15.00 Vassleik i symjehallen med badeball og (vass)pistol. Førdehuset gjen-tek suksessen frå tidlegare.


Frå kl. 12.30 Sunnfjord cafe & catering serverer graut med blodraud saft.

18.00 *Oliver Twist* av Charles Dickens

Førdehuset, Teatersalen. Billett vaksen kr 210,-. Barn/honnør/gruppe (min. 5) kr 130,-.

Oliver Twist er ei av dei største satsingane til Sogn og Fjordane Teater nokosinne. Med nykomponert musikk og spektakulære scene-skift vil teatret gi publikum ei uforgløymeleg oppleving. Stykket handlar om Oliver som veks opp på eit fattighus der han får meir juling enn mat. Han klarer å flykte frå fattighuset og hamnar blant Londons verste kjeltringpakk. Dessverre er mørke krefter i sving for å rydde den stakkars guten av vegen fordi han ber på ein løyndom han sjølv ikkje er klar over.

Dramatisert av Camilla Hübbe og Bodil Kvamme. Musikk: Per Janke Jørgensen. Til nynorsk: Terje Lyngstad. Regi: Trond Birkedal. Scenografi: Leiko Fuseya. Lysdesign: Torkel Skjærven. Koreografi: Elin Høyholm. Medverkande: Heine Bugge, Tor Ivar Hagen, Roger Hilleren, Henrik Høie, Per Arne Løset, Sara Norlin, Karl Sundby, Marius Thomassen, Gro Ann Uthaug og Jon Erling Wevling.



OLIVER TWIST.
Illustrasjon: Artgarden



19.30-22.30 Mord og middag

Quality Hotel Førde. Billett kr 695,-

Vi gjentar braksuksessen frå i fjor med trerettars gourmet-middag og teatermord på hotellet! Det er nytt plott i år, så sjølv om du var med i fjor er opplevinga like spennande i år.

Ein person blir funnen drepen og ein mordar går laus på hotellet. I beste Agatha Christie-stil vert hotellets gjester involvert i saka. Kven står bak drapet? Av og med svenske Spegelteatern.

Avgrensa tal plassar. Bestillingsfrist torsdag 2. oktober.



Word og middagsmeny

APERITIF

Bloody Mary

FORRETT


Grilla kamskjell på ei seng av
julien grønnsaker og krema safransaus

HOVDRETT

Heilstekt indrefilet av okse med
sauterte grønnsaker, raudvinssaus tilsmakt med friske urter
Fløytegratinerte poteter

DESSERT

Creme Brulee



SØNDAG 5. OKTOBER

10.30-15.30 Krimvandring i Trodalen med Gunnar Staalesen

Frammøte på Hegrens bruk. Billett kr 100,-.

Vi får kjennskap til historia kring Trodalsmordet. Gunnar Staalesen vil fortelje om *Dødens drabanter* som har si hovudhandling lagt til Angedalen og Trodalen. Hugs gode sko og ta gjerne med niste.



GUNNAR STAALESEN.

Foto: Trygve Schönfelder

KINO

Under krimdagane viser Kino Førde den japanske animasjonsfilmen *Porco Rosso*, ein spanande animasjonsfilm for heile familien. Regi: Hayo Miyazaki. (Sjå eiga annonsering i lokalavisa)

Porco Rosso

Jap. animasjon. 1t. 34 min. 7 år. Spenn setebeltet og gjer deg klar for nok eit luftig eventyr frå Hayao Miyazaki og Studio Ghibli! Det nærmar seg slutten av tjuetalet og Adriaterhavet kryr av luftpiratar. Piratar som rett nok er gode på botnen, men like fullt røvarar som slett ikkje let seg be to gongar om å loppe ei båtlast med turistar for verdisaker!



Arrangert av:

reiseromål
Sunnfjord

Førde;**libris**



Førde kommune kultur



SELJA FORLAG



Støtta av:



NORSK
KULTURRÅD



Sogn og Fjordane
Fylkeskommune



Førde Kommune

Hovudsponsorar:

FIRDA



Quality Hotel Førde

BY CHOICE HOTELS

Andre sponsorar:



Handelshuset;**libris**

Førde;**libris**



“Jeg vil heller
ha et mord på
samvittigheten
enn å ha forsmådd
en kvinnes kjærlighet”
Søren Kierkegaard

Billettinformasjon:

Billetter tlf. 57 72 19 00, Førdehuset og Servicetorget.
Hentefrist sju dager etter bestilling. Evt. restbilletter vert selde ved inngang.

Krimweekend på Quality Hotel Førde: Overnatting med halvpensjon kr 750,- p.p. i dobbeltrom per natt.
Overnatting med halvpensjon kr 1060,- i enkeltrum per natt. Billetter til arrangement på hotellet til sals i resepsjonen, tlf. 57 82 81 10

Heilt kriminelt – sunnfjordske krimdagar
Reisemål Sunnfjord, Postboks 133, 6801 Førde, telefon 57 72 19 53, faks 57 72 19 55, www.sunnfjord.no
Ansvarleg utgjevar: Tom Farsund, Reisemål Sunnfjord